



**Fyresdal kommune**  
**Sektor for plan og teknikk**

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref: «REF»	Vår ref 2010/772-3	Saksbeh: Einar Mikkelsen,35067132 einar.mikkelsen@fyresdal.kommune.no	Arkivkode: 142	Dato: 29.07.2010
----------------------	-----------------------	---	-------------------	---------------------

### **Varsling av kommuneplanarbeid, planprogram til høyring.**

Det vert varsla om oppstart av arbeid med kommuneplanen i samsvar med Pbl §11-12. Samstundes vert planprogrammet lagt ut til offentleg høyring, etter Pbl § 11-13.

Gjeldande arealplan med føresegner er vedteke 23.09.2004, omfattar heile kommunen og er utarbeidd i målestokk 1:75 000. I samband med økonomiplan og budsjett for 2010 vart det vedteke å revidere kommuneplanen. Målsettinga var å gjere dette enkelt og ikkje så omfattande. Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel, revideringa omfattar samla revidering av samfunnsdel og arealdel.

Rulleringa av kommuneplanen krev handsaming etter ny planlov som gjeld frå 01.07.2009. Ny planlov krev at det vert utarbeidd eit planprogram som grunnlag for arbeidet. Planprogrammet er lagt ut på kommunen si heimeside, <http://www.fyresdal.kommune.no>

**Føremålet** med kommuneplanen er å leggja til rette for ei utvikling på lang sikt der ein tek vare på og vidareutviklar dei kvalitetane som gjer Fyresdal kommune til ein attraktiv stad å bu, ha fritidsbustad, driva verksemd og å besøkje.

Ein arealdel som legg til rette for rask sakshandsaming for planar og byggesaker som er i samsvar med planen.

Kommunen sin arealplan skal syne samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

**Utfordringane** er å syte for at kommunen er ein attraktiv kommune å bu i og å flytte til.

Å avklara omsynssoner i høve til landskapskvalitetar og kulturminnevern

Fortetting/ nye hyttefelt/ LNF – områder der spreitt hyttebygging er tillate

Avklaring av konsesjon og buplikt

Driftshytter, støylar og støylstufter

Gamle planar, vurdering om dei framleis skal gjelde.

Føresegnene i planen skal take vare på kvalitetane i Fyresdal kommune på ein god måte og som er påreknelig med rask sakshandsaming for planar og byggesaker som er i samsvar med kommuneplanen.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatta alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

Kommentarar, merknadar eller opplysningar til oppstartsvarsel og planprogram rettast til Fyresdal kommune, Plan og teknikk, 3870 Fyresdal eller e-post: [postmottak@fyresdal.kommune.no](mailto:postmottak@fyresdal.kommune.no) innan 14. september 2010

Med venleg helsing

Einar Mikkelsen  
Senioringeniør  
Plan og Teknikk  
Fyresdal kommune